




Sørfjorden er den del av Hardangerfjorden der kontrasten mellom fruktbare bygder og evig snø er sterkast.

The Sørfjord is the arm of the Hardangerfjord where the contrast between fertile countryside and permanent snow is greatest.



Odda kommune er omkrans av Folgefonna i vest og Hardangervidda i aust og sør. Kommunen dekkjer eit areal på 1648 kv. km. Store delar av dette er høgfjell og isbrear, 90% ligg høgare enn 600 m.o.h. I kommunen er det såleis store friluftsområder av høg kvalitet. Innbyggjartalet er 8.200.

Odda district is bordered by the Folgefonna glacier to the west and the Hardangervidda plateau to the east and south. Of its total area of 1,648 km², largely mountain and glacier, 90% is over 600 m above sea level. The district has 8,200 inhabitants and is superbly situated for outdoor activities.



Ullensvang herad strekkjer seg over aust- og vestsida av Sørfjorden og Oksenhøvya. Kommunen har omlag 4000 innbyggjarar med fruktdyrking og reiseliv som hovudnæringar. Ullensvang er den største fruktdyrkings-kommunen i Noreg. Heile 80% av norske moreller vert dyrka her. Omlag 500.000 frukttrær gjer både blomings- og haustingstid til ei spesiell oppleving.

Ullensvang district covers the eastern and western sides of the Sørfjord and the Oksen peninsula. It has about 4,000 residents, with fruit-growing and tourism as the main industries. Ullensvang is Norway's principal fruit-growing district, where 80% of the country's cherries are grown. Some 500,000 fruit trees make spring and autumn a unique experience.



Lofthus.

Foto: Willy Haraldsen



Røldal.

Foto: Willy Haraldsen

Avstander/Distances:

Haugesund-Røldal:	139 km
Bergen-Kvanndal:	127 km
Kvanndal-Utne:ferje/ferry	20 min.
Røldal-Odda:	39 km
Odda-Kinsarvik:	41 km
Kinsarvik-Utne: ferje/ferry	30 min.
Utne-Odda:	45 km

Reiserute

Frå Røldal (1) opp Hordadalen og til Seljestad (i sommarsesongen kan ein unngå tunnelane ved å køyra gamlevegen, markert med tynn strek på kartet). Frå Seljestad nedover via Låtefoss (2) til Odda (3). I Odda sentrum

Route

From Røldal (1) take E134 over the mountain pass to Seljestad. (Alternative and interesting route during the summer period to the right before the first tunnel). After Seljestad turn right on Rv13, past Låtefoss (waterfall)



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

følg Rv13 til høgre til Tyssedal (4). Deretter langs Sørfjorden til Lofthus (5) og Kinsarvik (6). Frå Kinsarvik ferje til Utne (7) og tilbake via Aga (8) til Odda og Røldal.

Stader og ymse av interesse:

(1) **Røldal** er ein koseleg tettstad og den einaste «fjellbygda» i Hardanger. Den vakre Røldal Stavkyrkje var ei av dei sentrale kyrkjene på Vestlandet i middelalderen. Kyrkja er truleg bygd fyrst på 1200-talet og dekorert innvendig på 1600-talet. I høgmiddelalderen var Røldal det viktigaste pilgrimsålet i landet etter Nidarosdomen i Trondheim. Det middelalderske krusifikset over altertavla vart tillagt helbredande verknad, og langt inn i protestantisk tid valfarta sjuke hit. Kyrkja er bygd i tømmer frå dalen.

(2) **Låtefossen**, den kjende tvillingfossen ved Rv13. Låtefoss er «kongen» blant fossane og ein internasjonalt kjent attraksjon.

(3) **Odda**, av namnet «odde», er regionsenter i Indre Hardanger. Tettstaden Odda har og gitt namn til kommunen. Odda er «endepunktet» i Hardangerfjorden, 179 km frå skjergarden. Det moderne Oddasamfunnet er eit resultat av mennesket sitt møte med naturkreftene. 5% av elektrisitetsproduksjonen i Norge finst i kommunen. Vestnorsk Industristadmuseum har avdelingar både i Odda og Tyssedal.

(4) **Tyssedal**, første del av namnet er elvenamnet Tysso «den tvidelte». Ilmenittverk. Kunstnaren Lars Stana, som arbeidar med karveskurd, ei av dei eldste formene for dekor på tre, held til her. Museumsbygg med utstillingar, biletspel etc. og omvising i den gamle kraftstasjonen. Ei spanande og annleis museumsoppleving. Den 985 meter lange Trallebanen tek oss opp frå Skjeggedal til Mågelitopp (Hardangervidda).

(5) **Lofthus** er eit sentrum for norsk fruktdyrking. Fruktdyrkinga kom hit på 1200-talet, med munkane i Opedal. På veg opp lia til Hardangervidda går turen opp Munketreppe til Nosi. Ullensvang kyrkje er i tidleg gotisk stil, frå omlag 1250 og bygd i stein.

(6) **Kinsarvik**, av elva Kinso, Kinn, «bratt fjellside». Adm. sentrum i Ullensvang kommune. Kinsarvik kyrkje er blant dei eldste steinkyrkjene i Noreg, frå ca. 1160. Kalkmåleri frå 1200-talet. Kopi av «Kinsarvik-antemensale», eit av dei mest verdfulle målerstykkene i nordeuropeisk middelalderkunst.

(7) **Utne** er ein sjarmerande liten tettstad med gammalt og godt bevart bygningsmiljø. Utne Hotell er Noregs eldste i kontinuerleg drift sidan 1722. Kjent og gjennom Eilif Pettersen sitt berømte måleri «Mor Utne» på Nasjonalgalleriet. Hardanger Folkemuseum er distriktsmuseum for Hardanger. Friluftsmuseum med naust, landhandel, skule, våningshus og uthus. Administrasjonsbygg med ulike utstillingar frå gamal og nyare tid.

(8) **Agatunet på Aga**, eit freda klyngetun med 30-40 hus frå middelalder og opp til vår tid. «Lagmannstova» frå ca. 1250 bygd av riddaren, gulatingssmannen og riksråden Sigurd Brynjulvson, er den einaste bygningen i sitt slag i Noreg. Kafé og tradisjonsmat.

(2) to Odda (3). From here follow RV13 along the eastern side of the Sørfjord to Tyssedal (4). Continue along the fjord to Lofthus (5) and Kinsarvik (6). Ferry to Utne (7) and return on Rv550 via Aga (8) to Odda and Røldal.

Places of interest and attractions:

(1) The pleasant village of **Røldal** is Hardanger's only mountain community. The beautiful stave church, one of western Norway's main churches during the Middle Ages, was probably built originally in the 13th century and decorated internally in the 17th century. In the High Middle Ages, Røldal was the main centre of pilgrimage in Norway after Trondheim. Healing powers were ascribed to the medieval crucifix above the altar-piece, and long after the Reformation, the sick continued to come here. The church is built from local timber.

(2) **Låtefossen**, the famous twin waterfall beside Rv13, is internationally renowned as Norway's finest.

(3) **Odda**, meaning headland, is the centre of the inner Hardanger region. The district takes its name from the town, which marks the end of the Hardangerfjord, 179 km from the skerries. The present community is a result of man's harnessing the forces of nature. 5% of Norway's electricity is produced in the district. The Western Norway Industrial Museum has branches in both Odda and Tyssedal.

(4) **Tyssedal** takes its name from the river Tysso, meaning two parts. aluminium smelter. Home of the artist Lars Stana, who uses wood carving, one of the oldest forms of art. Interesting and unusual museum with exhibits, audio-visual presentation and guided tours of the old power station. A 985 m funicular railway ascends from Skjeggedal to Mågelitopp (Hardangervidda).

(5) **Lofthus** is a centre of the Norwegian fruit-growing industry, which arrived here in the 13th century with the monks of Opedal. The route up the mountainside to the Hardangervidda takes you up the Monks' Staircase (Munketreppe) to Nosi. Ullensvang church, a stone building in the early Gothic style, dates from about 1250.

(6) **Kinsarvik**, named after the Kinso river (*kinn* meaning steep hillside), administrative centre of Ullensvang district. Kinsarvik church, c. 1160, is one of Norway's oldest stone churches. 13th-century wall paintings. Copy of the «Kinsarvik altar frontal», one of the most valuable examples of medieval art in northern Europe.

(7) **Utne** is a charming little village with many well-preserved old buildings. Utne Hotell, Norway's oldest-established hotel, has been open ever since (1) 1722. Also famous from Eilif Pettersen's painting «Mother Utne» in the National Gallery, Oslo. Hardanger Folkemuseum is an open-air museum with boathouse, village shop, school, farmhouse, outhouses and administration building with various historic and contemporary exhibits.

(8) **Agatunet**, Aga, a collection of 30-40 preserved houses dating from the Middle Ages to the present. The Courthouse (Lagmannstova), built c.1250 by a powerful nobleman called Sigurd Brynjulvson, is the only building of its kind in Norway. Cafe serving traditional food.